



## RÅDSMEDLEMMENE

### INNKALLING TIL RÅDSMØTE

Dato: Torsdag 16.06.2016

Klokka 09.00 – 15.00

Stad: Kommunestyresalen, Odda rådhus

Møteplanen i Hardangerrådet godkjent 17.09.2015 gjeld som møteinnkalling.

#### Agenda:

|               |   |
|---------------|---|
| 09.00 – 10.00 | Sakshandsaming  |
| 10.00 – 11.30 | Samferdslesituasjonen i Hardanger. Dialogmøte med Statens vegvesen v/Olav Finne         |
| 11.30 – 12.30 | Lunsj   |
| 12.30 – 13.00 | Nytt Museum/Galleri i Hardanger ?<br>- Orientering ved Johild Mæland og Astrid Grønsnes |
| 13.00 – 15.00 | Sakshandsaming  |

#### Saker til handsaming:

|        |       |   |
|--------|-------|---|
| HR-sak | 29/16 | Saker innmeldte ved starten av møtet. Vert tatt opp under sak 37/16.  |
| HR-sak | 30/16 | Meldingar   |
| HR-sak | 31/16 | Status for kommunestrukturprosessen i Hardanger –<br>Gjensidig informasjon frå kvar kommune                         |
| HR-sak | 32/16 | Orientering om viktige politiske saker i kvar kommune og i Hordaland fylkeskommune – Orientering ved kvar ordførar. |
| HR-sak | 33/16 | Informasjonskanalar for Hardangerrådet og kommunane/herada.<br>Trykte publikasjonar eller digitale løysingar.       |
| HR-sak | 34/16 | Høyringsuttale frå Hardangerrådet til Hordaland fylkeskommune sin skulebruksplan.                                   |
| HR-sak | 35/16 | Søknad om tilskot til turneprojekt i Hardanger, Det norske Teateret og Noregs Ungdomslag                            |
| HR-sak | 36/16 | Orienterings- og drøftingssaker   |

Forfall må meldast Hardangerrådet v/Trude Rinaldo tlf 53 67 14 50  
Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.

Kinsarvik

Jon Larsgard/s  
Rådsordførar

Jostein Eitrheim  
Dagleg leiar



|                     |                             |
|---------------------|-----------------------------|
| Møtedato 16.06.2016 | Saksansvarleg Trude Rinaldo |
|---------------------|-----------------------------|

**HR-sak 30/16 Meldingar**

Melding1 Årsmelding frå Hardanger og Voss museum 2015

Melding 2 Forslag til Regional planstretegi 2016-2020 – Utviklingsplan for Hordaland – Høyring frå Hfk, av 31.5.2016


**Framlegg til vedtak:** Ingen framlegg til vedtak



# ÅRSMELDING

Hardanger og Voss museum

2015

|   |            |          |  |
|---|------------|----------|--|
|  <b>Hardangerrådet iks</b> |            |          |  |
| Saksnr.:  | Kopi ut:   |          |  |
| 03 JUN 2016   |            |          |  |
| Saksnr.:  | Dok.nr.:   | Løpnr.:  |  |
| Videns ut:  | Artikkode: | U.off. S |  |



Takvøle Agatunet 2015. Handverkar Morren Haavik måler storleik på takhelle. Takhella vog over 400 kilo.



Adresseliste

|  |            |          |
|--|------------|----------|
|  Hardangerrådet iks |            |          |
| Saksbeh:   | Kopi til:  |          |
| 03 JUN 2016  |            |          |
| Saksnr.  | Dok.nr.:   | Løpenr.: |
| Videres.til:   | Arkivkode: | U.off.S  |

Dato: 31.05.2016  
Vår ref.: 2015/7064-10  
Saksbehandlar: marrods  
Dykkar ref.:

## Forslag til Regional planstrategi 2016-2020 – Utviklingsplan for Hordaland - høyring

Fylkesutvalet vedtok 19.mai 2016 med heimel i plan- og bygningslova § 7-1 eit forslag til Regional planstrategi for perioden 2016-2020. Strategien sendast no ut på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn.

### Innhald

Regional planstrategi er ein overordna utviklingsplan for fylket. Planen har fire hovudmål for perioden:

- Høg sysselsetjing
- Eit inkluderande samfunn
- Klima- og miljøvenleg utvikling
- Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion


Strategien er utvikla i tett dialog med kommunane, statlege organ og ulike organisasjonar. Vi vonar derfor at mål og strategiar kan få oppslutning slik at ulike sektorar og forvaltningsnivå kan dra i same retning til gagn for fylket.

### Høyring og informasjon

Fylkeskommunen ynskjer no synspunkt på innhaldet i strategien og på korleis vi saman kan oppfylle måla. Resultatet av høyringa vil bli vurdert og lagt fram for den politiske prosessen fram mot slutthandsaminga i fylkestinget i desember. Svar kan sendast til Hordaland fylkeskommune, [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no) eller Hordaland fylkeskommune, boks 7900, 5020 Bergen. Merk innspela med 2015/7064. Meir informasjon om strategiarbeidet og dokument i saka finn de her; [www.hordaland.no/regionalplanstrategi](http://www.hordaland.no/regionalplanstrategi). Spørsmål kan rettast til prosjektleiar Marit Rødseth, tlf 481384 93 eller [marit.rodseth@hfk.no](mailto:marit.rodseth@hfk.no).

Høyringsfristen er sett til **15.september 2016**

Venleg helsing



Anne Gine Hestetun  
fylkesordfører



Møtedato 16.06.2016

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

**HR-sak 33/16 Informasjonskanalar for Hardangerrådet og kommunane/herada.  
Trykte publikasjonar eller digitale løysingar.**

**Saksvedlegg:**

Døme på publikasjonar vert lagt fram i møtet.

**Sakstilfang:**

Frå JS/Norge har Hardangerrådet motteke slik epost etter møte 04.02.2016:

Takker for hyggelig møte i går og sender som avtalt noen brosjyreeksemplere dere kan ta med dere i møte.

Fant også brosjyre vi gjorde for Jondal i 2011.

Klikk på linken for å se deres online-presentasjon

På siden finner dere også en kort film som forklarer vårt konsept på en enkel måte.

I brosjyre for Orion finner dere eksempel på film.

[Presentasjon](#)

Følger dere opp som avtalt.

GOD HELG ☺

Med vennlig hilsen / Best regards

Bente Gjølborg

Key Account Manager & Sales Manager

**JS/Norge**

**T/** +47 69 01 48 36

**M/** +47 452 28 800

**E /** [beg@jsnorge.no](mailto:beg@jsnorge.no)

**F/** +47 69 01 48 01

**W/** [www.jsnorge.no](http://www.jsnorge.no)

Communication makes the difference

MultiMedia Brosjyren – én brosjyre til alle plattformer · [Se hvordan](#)

JS Norge AS · Albert Moeskausvei 59 · 1711 Sarpsborg · Norge · Org. nr.: 882718662

Frå Profimedia har Hardangerrådet motteke slikt tilbud:

**Vårt kostnadsfrie konsept består av:**

- Stillbildefilm m/voicing (etter avtale)
- Digital brosjyre til å sende ut via mail (gratis hosting på vår server)
- Digital brosjyre til hjemmeside og Facebook (gratis hosting på vår server)

- Brosjyre/magasin i et opplag på 2500 stk. (Ønskes det større opplag f.eks. i forbindelse med distribusjon – ser vi gjerne på det i prosjektet.)
- Bilder og tekst fra prosjektet kan benyttes i andre sammenhenger

Materiellet finansieres i sin helhet via annonser fra leverandører og samarbeidspartnere.

Vi stiller med prosjektleder, tekstforfatter, design/layout og fotograf, samt trykk og levering på Deres adresse.

Innholdet i brosjyren vinkles etter Deres behov – for eksempel tilflytting, turisme, bedriftsetablering, etc.

I forbindelse med annonsesalg disponerer vi egen annonsekonsulent og annonsegrafiker.

Produksjonstiden er ca 10 uker. 5 uker går med til annonsesalg, 5 uker til utforming, foto og trykk/levering.

Dette er også risikofritt for våre kunder – om vi ikke kan tilby en kostnadsfri brosjyre, kan man velge å skrinlegge prosjektet uten kostnad.

Sånn ift oppstart av prosjekt ligger vi meget godt an i tiden, mtp å få tatt fine sommerbilder!:)

**Klikk på linkene for å se referanser på brosjyre og stillbildefilm:**

[Brosjyre - Kunnskapsbyen Lillestrøm](#)

[Stillbildefilm - Kunnskapsbyen Lillestrøm](#)

[Brosjyre - Fredrikstad kommune](#)

[Brosjyre - Sandefjord kommune](#)

[Brosjyre - Råde Kommune](#)

[Stillbildefilm - Råde kommune](#)

Med vennlig hilsen

**Dan Berg**

Mob: +47 45 90 09 30

Mail: [dan.berg@profil-media.no](mailto:dan.berg@profil-media.no)

Web: [www.profil-media.no](http://www.profil-media.no)

Se vår: [Brosjyre](#) - [Stillbildefilm](#)



### **Saksutgreiing:**

Hardangerkommunane bør ha ein felles strategi for kva informasjonskanalar ein vil prioritera å nytta i framtidig informasjon som kommunane og Hardangerrådet skal gje til ulike grupper.

Målgrupper for informasjon kan vera:

- Eigne innbyggjarar
- Særskilte grupper av innbyggjarar
- Nytilflytta / potensielle tilflyttarar
- Næringsetablerarar
- Turistar / Besøkjande
- Andre grupper.

Konseptet som er nemnd ovanfor er basert på annonsefinansiering og dermed kostnadsfritt for kunden.

**Saksvurdering:**

Regionrådet bør ta stilling til om ein ønskjer å nytta seg av denne plattformen i samband med informasjon frå kommunane / Hardangerrådet.

**Framlegg til vedtak:**